



Fylkesmannen i Hordaland  
Beate Helland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/238 - 14/3284

Saksbehandlar:

Nina Marie Kvamme

nina.marie.kvamme@radoy.kommune.no

Dato:

31.03.2014

## Søknad om tilskot til kompetanseheving i helse- og oms

Me viser til epost motteke 06.03.2014, med invitasjon til å søkje tilskot til kompetanseheving i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Vedlagt følgjer søknadsskjema (vedlegg 1).

Vi søker også i år støtte til vårt tiltak der vi sjølv utdannar helsefagarbeidarar, gjennom «Vil du bli helsefagarbeider gjennom vaksenopplæring». Vi har per i dag 6 personar inne i tiltaket, då to tok fagprøve i fjor og ei er gått ut av tiltaket. Prosjektet har vore gjennomført ved at tenesteområda har fått tildelt sin kandidat etter rulling, og har dei har sjølv løna kandidaten den tida denne har vore i det aktuelle tenesteområde. Einaste tilskotet har vore frå fylkesmannen.

Tenestene har no meldt at dei diverre ikkje har økonomi til vidareføring av tiltaket. Det medfører at vi vil gjennomføre tiltaket for dei seks som har plass per i dag, men vil ikkje ta inn nye kandidatar. Vi ønskjer å takke fylkesmannen for det tilskotet vi har fått så langt, og håper de vil vere velvillige også den tida som gjenstår til alle kandidatane er komen gjennom løpet.

Utgiftene våre i høve desse personane er lønskostnader, samt utgifter til vikar ved instruktørkurs, vikar ved deltaking i nettverksgrupper innan kommunen og tid til veiledning av den enkelte. Vi søker kun om bidrag til å dekke dei tre siste.

Vi har tre tilsette som tar desentralisert sjukepleieutdanning i Bergen.

I haust starta leiar for heimetenesta og rådgjevar for helse og omsorg på studiet helse og omsorg i plan, med studiestad Ålesund (høgskulen i Volda).

Som de ser ut frå søknadsskjema, søker Radøy kommune om totalt kr 157.750 til gjennomføring av våre pågåande tiltak for 2014.

Mykje av det Radøy kommune har gjort av kompetanseheving dei siste åra har blitt mogeleg med støtte frå dykk. Vi håper difor på monaleg støtte også i år, slik at vi kan vidareføre dette arbeidet.

Med helsing

Johan B Sandal  
kommunalsjef helse og omsorg

Nina Marie Kvamme  
rådgjevar helse og omsorg

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknadsskjema 2014 Kompetanseløftet 2015

Johan B Sandal

**Mottakere:**  
Fylkesmannen i Hordaland